



Saksbehandlar: Trude Helen Flåten, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 18/8188-4

## **Avvikling av Sogn og Fjordane Revisjon IKS**

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Sogn og Fjordane fylkeskommune er samd i at Sogn og Fjordane Revisjon IKS blir avvikla frå og med 31.12.19, men slik at årsrekneskapen for driftsåret 2019 blir revidert av selskapet.

**Vedlegg:**

- Tilråding til saksframlegg frå interimsstyret

**Andre relevante dokument i saka:**

- FT-sak 45/17
- KU-sak 34/19
- E-post frå dagleg leiar i SF Revisjon av 15.09.19

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

Nytt revisjonsselskap

Fylkeskommunen er deltakar i Sogn og Fjordane Revisjon IKS (heretter SF Revisjon). Sistnemnde, Kommunerevisjonen i Nordfjord og Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord vurderte moglegheitene for samanslåing i 2017. I møte 05.12.17, sak 45/17, gjorde fylkestinget slikt vedtak:

*1. Sogn og Fjordane fylkeskommune ser positivt på at dei tre revisjonseiningane blir slått saman til ei ny fylkesdekkande interkommunal revisjonseining i Sogn og Fjordane. [...]*

Deltakarkommunane handsama også rapporten i 2017. Det var full semje i kommunestyra og fylkestinget om å gjennomføre samanslåinga.

Uttreden

I møte 21.09.18, sak 34/18, vedtok fellesnemnda «å kjøpa alle revisjonstenester i marknaden». Som følgje av fellesnemnda sitt vedtak måtte Sogn og Fjordane fylkeskommune seie opp sitt deltarforhold i SF Revisjon, og må tre ut av selskapet før samanslåinga med Hordaland fylkeskommune. Fylkeskommunen sa opp deltarforholdet sitt ved brev av 17.12.18. Uttredingsdatoen er 31.12.19.

### **2. Vurderingar og konsekvensar**

Eit interkommunalt selskap kan oppløysast dersom deltarane er einige om det. Oppløysinga må godkjennast av Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

«Det enkelte kommunestyre eller fylkesting treffer selv vedtak» om oppløysing, jf. lov om interkommunale selskap § 32. Etableringa av den nye revisjonseininga, Vestland Revisjon Kommunale Oppgåvefellesskap, krev også at eigarane gjer politiske vedtak. Eit interimsstyre med

medlemar frå alle deltakarkommunane har utarbeidd ei tilråding til saksframlegg til kommunane som vil vere med i det nye selskapet. For nærmere informasjon om samanslåinga og prosessen, syner fylkesrådmannen til denne tilrådinga, som følgjer vedlagt.

Samanslåingsdatoen er sett til 01.01.20. Fylkeskommunen trer som nemnd ut av SF Revisjon 31.12.19, og kjem difor ikkje til å vere deltakar i det nye samarbeidet. I e-post av 15.09.19 skriv SF Revisjon at fylkeskommunen likevel må gjere vedtak om avvikling:

*Nå er situasjonen litt spesiell med vising til fylkeskommunen sin utmelding frå selskapet. Vi var litt usikker på om det er nødvendig å få eit vedtak frå fylkestinget med vising til utmeldinga og tok direkte kontakt med KMD for nærmere avklaring. KMD var klar på at fylkeskommunen er eigar av selskapet fram til 01.01.2019<sup>i</sup> med alle rettar og pliktar. For å få ei godkjenning frå departementet med vising til lovkravet må vi også ha vedtak frå fylkestinget.*

Som nemnd innleiingsvis vurderte fylkestinget samanslåinga i sak 45/17, og kom til at «fylkeskommunen ser positivt på at dei tre revisjonseiningane blir slått saman til ei ny fylkesdekkande interkommunal revisjonseining». Alle deltakarkommunane som også vil vere medeigarar i det nye selskapet har gjort vedtak om avvikling og etablering i tråd med tilrådinga frå interims-styret. Det er ingen grunn til at fylkeskommunen ikkje skal gjere det naudsynte vedtaket om avvikling av SF Revisjon, slik at samanslåinga kan gjennomførast i samsvar med eigarkommunane sine vedtak.

Vedlagte forslag frå interimsstyret inneheld ni vedtakspunkt. Sidan fylkeskommunen ikkje skal vere deltakar i den samanslegne revisjonseininga, er dei fleste vedtakspunkta ikkje relevante for fylkeskommunen. Ifølgje SF Revisjon er det tilstrekkeleg om fylkestinget gjer eit vedtak som svarar til punkt 2 i tilrådinga frå interimsstyret:

*Kommunen er samd i at dagens interkommunale revisjonssamarbeid blir avvikla frå og med 31.12.2019, men slik at årsrekneskapane for driftsåret 2019 blir revidert.*

Siste del av vedtaket – «slik at årsrekneskapane for driftsåret 2019 blir revidert» - viser til ein avtale mellom kontrollutvalet og SF Revisjon som kontrollutvalet godkjente i møte 28.05.19, sak 34/19. Ifølgje avtalen skal SF Revisjon revidere fylkeskommunen sin rekneskap for 2019, jamvel om fylkeskommunen trer ut 31.12.19. Arbeidet vert delvis utført hausten 2019 og delvis våren 2020. For nærmere informasjon om avtalen syner fylkesrådmannen til kontrollutvalssaka.

### **3. Konklusjon**

Fylkesrådmannen tilrår at fylkestinget gjer naudsynt vedtak om avvikling slik SF Revisjon ber om.

---

<sup>i</sup> Her skal det stå «31.12.19», som er datoен fylkeskommunen trer ut av SF Revisjon